



Samfunnsutvikling - Kommunal veiledning plan

ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE

Bygdinvegen 1989

2940 HEGGENES

Dykkar ref:

Vår ref:
2024/7513-8

Dato:
06.05.2024

Fråsegn - offentleg ettersyn - kommuneplan - arealdelen - 2023-2035 - Øystre Slidre

Innleiing

Fylkeskommunen fremmer motsegn til nye bygg og anleggsformål KBA-453 og KBA-292 med grunn i mangefull konsekvensutgreiing og manglende føresegns for å styre utviklinga dit kommunen ynskjer.

Bakgrunn

Kommuneplanen sin arealdel (KPA) blir revidert for å halde planen oppdatert etter nye nasjonale og regionale retningslinjer og m.a. arealstrategien i kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS), der mål og føringer syner ynskjer for utvikling av arealbruken.

Kommunen har i samband med revideringa teke kommunedelplanane for Beitostølen og Gravfjellet inn i felles kommuneplan.

Hovudlinjene i arealpolitikken i Øystre Slidre er tufta på visjonen til kommunen om rein naturglede og på måla i samfunnssdelen om ein vekst i tal på innbyggjarar og deltidsinnbyggjarar på minst 1 % årleg og ei dobling av tal gjestedøgn. For å oppnå dette har kommunen fleire mål med arealpolitikken:

- Sikre tilstrekkeleg areal for næringsføremål og bustadføremål i heile kommunen
- Styrke Heggenes som komunesenter og dei urbane kvalitetane i sentrum av Beitostølen
- Vere godt tilrettelagd for alle, uavhengig av funksjonsnivå
- Stille tydlegare miljø- og klimakrav til nye område som skal byggast ut
- Fortette i allereie utbygde område for å redusere behovet for å ta i bruk nytt utbyggingsareal
- Etablere ei utbyggingsgrense (fjellgrense) som går gjennom heile kommunen der det ikkje vert opna for større utbyggingar utanfor utbyggingsgrensa.
- Ta ut utbyggingsområde for fritidsbustadar frå eksisterande kommuneplan/kommunedelplanar og tilbakeføre dette til LNF-område

Fylkeskommunen si rolle

Vår fråsegn er grunngjeve ut frå vårt rettleatingsansvar (tbl. § 3-2) og vår rolle som samfunnsutviklar med ansvar for å bidra til ei heilskapleg og ønskt utvikling gjennom

Postadresse:

Postboks 4404
Bedriftssenteret
2325 Hamar

Besøksadresse:

Innlandet fylkeskommune
Parkgata 64
Hamar

Telefon: +47 62 00 08 80

E-post: post@innlandetfylke.no

Internett: www.innlandetfylke.no

Org.nr.: 920717152

planlegging i Innlandet fylke, samtidig som me også skal vareta vårt faglege ansvar som styresmakt på utvalde område. Dette omfattar både nasjonale og regionale mål og omsyn på område som; kulturarv, samferdsel, trafikktryggleik, kollektiv, gåing og sykling, samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (SBATP), stadutvikling, friluftsliv, interessene til barn og unge, vilt, villrein, vassmiljø, ferskvassfisk og universell utforming.

Fylkeskommunen har eit særskilt ansvar som vegeigar og forvaltar av fylkesvegane i Innlandet, samtidig som me også skal forvalta eigedommar i kraft av å vera grunneigar.

Generell vurdering

Det er teke aktive grep for å nå fastsette mål. Hovudmålsetjinga er å sikre tilstrekkeleg areal for nærings- og bustadformål i heile kommunen. Heggenes skal styrkast som kommunesenter, og dei urbane kvalitetane på Beitostølen skal styrkast.

Kommunen har i samband med revidering av kommuneplanen tatt ut betydeleg areal avsett til bygeområder og ført dei tilbake til LNF-formål. Det er generelt positivt å ta ut område som ikkje er utbygde, men når det er endå større område avsett til nye bygeområde, vil dette framleis vere eit negativt resultat sett i lys av eit areal- og naturrekneskap. I arbeidet med ei berekraftig arealforvaltning er arealnøytralitet eit viktig grep som handlar om balansert arealutnytting der nytt landbruks-, natur- og friluftsområde areal ikkje blir teke i bruk før det er heilt nødvendig, og kan vera ein strategi kommunen bør vurdera i arealplanlegginga si. Dette prinsippet er i tråd med berekraftige praksisar og støttar mål om å redusera negativ påverknad på natur og landskap. Det betyr at me må fortetta allereie utbygde område framfor å byggja ut meir natur. Kommunen jobbar ut frå at fritidsbustadbygginga og utviklinga innanfor sentrumsgrensa skal vere arealeffektiv, noko som er bra, men det bør skje i tråd med nasjonale mål og ikkje ta i bruk nye naturområde. Kommunen har framleis store arealreservar avsett til utbygging, og i den nye kommuneplanen blir m.a. frimråde i gjeldande kommunedelplan for Beitostølområde omgjort til nye utbyggingsområde.

Fagrelatert vurdering:

Føresegn og retningsliner:

Det er arbeida godt med føresegner, men det må koma tydeleg fram skiljet mellom retningsliner og bindande føresegner. Det er lagt til ein innleiande tekst som seier at tekster med kursiv er juridisk bindande. Slik det er sett opp kjem kursiv tekst inne i eit avsnitt og bidreg til å gjera skilnaden uklar. Det same gjeld bruken av orda «skal» og «kan». Fylkeskommunen oppmodar til en gjennomgang med tanke på å auke entydigheita. Til dømes kan føresegn settast i ein eigen tekstboks, eller med ein annan font.

Kommunedelplanar som blir innlemma i KPA:

Ny KPA går bort frå kommunedelplanar og innlemmar desse i kommuneplanen. Dette er generelt eit godt grep som sikrar eit heilskapleg plangrunnlag, men kan likevel utløyse behov for områdeplanar og reguleringsplanar.

Omsynssone H910 – reguleringsplanar gjeld framleis:

Kommuneplanen sin arealdel tar inn gjeldande kommunedelplan i ny arealdel, og det inneber at Beitostølen sentrum også blir med i planen. Store delar av sentrumsområdet er lagt inn med omsynssone H910 der reguleringsplan framleis skal gjelde. Det er uklart om generelle føresegns og retningslinjer i kommuneplanen også vil gjelde for gjeldande reguleringsplanar innanfor omsynssona, til dømes føringar for bruksendring. Føresegna bør sikre at generelle føringar også gjeld innanfor H910. Den omfattande bruken av omsynssona i sentrum gjer at fylkeskommunen forutsett at planane innanfor omsynssona er oppdaterte.

Nye område avsett til bygg og anlegg

Det er avsett nesten 1400 dekar til kombinert utbyggingsformål. Det er ikkje gitt føresegn til

formålet utover krav til reguleringsplan. Områda omtales heller ikkje i planomtalen. Det burde som eit minimum føreligge ei beskriving av formålet innanfor området. Fylkeskommunen meiner det er svært uheldig at kommunen ønsker å gjere om område avsett til LNFR og friområde til område for utbygging. Når det er eit mål om å fortetta i eksisterande utbyggingsområde, blir tilgjengelege og nærliggande friområde desto meir viktige, og desse bør takast vare på og sikrast i planen. Etter lova er formålet bygg og anlegg samlenemninga for mange typar utbyggingsformål. Det betyr at det her er heimel for mange ulike planinitiativ. Fylkeskommunen meiner også det er svært uheldig at byggeområda KBA-453 og KBA-292 blir lagt til områder som består av myr. Det er gjort ein konsekvensutgreiing som nemner at det er myr i området utan nærmere utgreiing eller vurdering av om det er særskilte omsyn som må takast til denne. Konsekvensutgreiinga peikar på fleir negative moment enn positive og det er uklart for fylkeskommunen kva som er grunngjevinga for at arealet skal inngå i planen. Kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt og det må gjerast ei meir utfyllande utgreiing av dei omsyna som her må inngå før vi kan ha ei mening om omdisponeringa. Det betyr at det blir sett fram ei **motsegn** inntil områda omfattast av ei tilstrekkeleg utgreiing som gjer at ein kan ta stilling til konsekvensane. Kommunen bør og vurdera å gi føresegner til kombinert område for bygg og anlegg slik at viktige omsyn kan tas for utbygging.

Tettstadsgrense

Kommunen har definert sentrumsgrenser for Heggenes og Beitostølen, sentrumsområde og sentrumskjerne. Grensa definerer område der høgare utnytting er tillate, og der det er naturleg å plassere detaljhandel, restaurantar osb. På Beitostølen har kommunen valt å inkludere eit bygg og anleggsområde vest for den delen av sentrumskjernen der handel og servicefunksjonar er lagt. I dag er det lite sentrumsfunksjonar i området, og området ligg ikkje direkte i kontakt med resten av sentrumskjernen. Kommuneplanen legg opp til heistrase og bygg og anleggsområde. Området er ikkje nytt, det ligg inne i gjeldande kommunedelplan, men fylkeskommunen skulle gjerne sett at intensjonen for området og grunngjevinga for kvifor området er tatt med i sentrumskjernen blir gjort meir tydeleg.

Utbyggingsgrense

Fylkeskommunen er svært positive til at kommunen har etablert ein utbyggingsgrense i heile kommunen. Kommunen tar ut område avsett til fritidsformål, men som ikkje er utbygd, og tilbakefører dei til LNF. Dette er gode grep, det vil framleis finnast bygningar utanfor utbyggingsgrensa, desse har fått spesielle føresegner som vi meiner er fornuftige.

Samordna areal- og transportplanlegging

Det blir lagt vekt på i kommuneplanen å ha ei utvikling innanfor ein langsiktig, angitt tettstadsgrense både for kommunesenteret og Beitostølen. Det blir viktig at prinsippet følgjer opp i enkeltsaker dersom ein skal oppnå dei positive effektane ved ei meir konsentrert utbygging med mindre arealbruk og mindre transportbehov i tråd med nasjonale føringar.

I samband med overordna transportplanlegging, der det skal leggjast vekt på løysingar som fremjar kollektivtransport, sykkel og gange, er det utfordrande at mesteparten av veksten skjer på Beitostølen medan offentlege funksjonar i hovudsak er lokaliserte i kommunesenteret. Fylkeskommunen saknar ei nærmare drøfting av konsekvensane for kommunen.

Det skal leggjast til rette for spreidd busetnad i heile kommunen i staden for å avsetje område for spreieing av utbygging. Konkret skal lokalisering styrast gjennom retningslinjer i kommuneplanen. Ei utstrakt bruk av spreidd utbygging og bruksendring er med på å svekke hovudintensjonen i planen og bør bli avgrensa. Det blir føreset at spreieing av utbygging også omfattar den langsiktige utbyggingsgrensa.

Samferdselsfagleg

Fylkeskommunen er oppteken av at føresegnehene og retningslinjene til kommuneplanens arealdel må gjenspegle trafikksikkerheit, tilrettelegging for gåande og gåande/syklande, og kollektivtrafikk, samt tilrettelegging for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Vi er særleg opptekne av trafikksikkerheit for myke trafikantar og at dette blir følgd opp i påfølgjande utvikling.

Beitostølen har mykje tilgrensande vegnett og internvegar, og det må leggjast godt til rette for gåande og syklande. Med den utbygginga som blir planlagt for Beitostølen, må det stillast tilsvarende krav til kvalitet og løysingar som ein gjer i ein tettstad.

Vi legg merke til at kommunen ynskjer dialog med omsyn til å finne gode løysingar for Heggenes for å redusere barrierekrafta til FV. 51 og sikre eigna kollektivpunkt langs fylkesvegen. Vi bidrar gjerne i ein dialog med kommunen om dette. Fylkeskommunen understrekar at ønske og behov for trafikksikkerheitstiltak langs eller utbetringar av fylkesveg som følgje av utbygging i kommunen, som utgangspunkt må dekkjast av kommunen og/eller utbyggjar.

Trafikksikkerheit

I Nasjonal transportplan (NTP) 2022-2033 blir det peikt på viktigheita av at kommunane har gyldige og operative trafikksikkerheitsplanar. Det blir tilrådd at dei kommunale trafikksikkerheitsplanane følgjer nasjonale og regionale føringer på trafikksikkerheitsområdet, jf. Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit, fylkeskommunen sitt handlingsprogram for fylkesvegar, og fylkets trafikksikkerheitsutval (FTU) sin handlingsplan. Gyldige og operative trafikksikkerheitsplanar er òg eit kriterium for at kommunane kan søkje fylkeskommunen om tilskot til skulevegtiltak/Hjartesonar.

Ifølgje Trygg Trafikk si oversikt er ikkje Øystre Slidre kommune godkjend som Trafikksikker kommune. Vi tilrår at kommunen arbeider for ein godkjenning som «Trafikksikker kommune». Ordninga er eit verktøy for systematisk og tverrsektorielt trafikksikkerheitsarbeid i kommunane, og inneber at kommunen innarbeider definerte trafikksikkerheitstiltak/rutinar innanfor sine verksemderområde. Det kjem fram av høyringa av Øystre Slidre kommune si planstrategi at kommunedelplan for trafikktryggleik skal reviderast i 2026. Kommunen bør vurdere dette opp mot ordninga med trafikksikker kommune.

Merknader til føresegner og retningslinjer

- I reguleringsføresegner og retningslinjer punkt 1.10 om fortetting viser det til at dette kan skje gjennom "ny reguleringsplan eller ved byggesakshandsaming for dei tiltaka som fell inn under punkt 2.3.1." Punkt 2.3.1 gjeld unntak frå plankrav. Her må det i punkt c) leggjast til vilkår som rekkefølgjeføresegn om at frådeling ikkje skal skje utan at det er sikra trygg veg for gåande og syklande til skule, evt. busstopp. Vi ber om at same føresegn innarbeidast i punkt 4.2.1 for framtidige bustadområde og under 5.1 Nye bustader i LNFR-områda.
- I punkt 3, som gjeld føringer for dispensasjonsbehandling ved søknad om bruksendring frå fritidsbustad til bustad, merkar Innlandet Fylkeskommune at det kan ha uheldige konsekvensar om område som er regulert til fritidsbustader blir omgjorte til bustadområde. Det er mellom anna andre tekniske krav til bustader og òg kva tenester ein har krav på som innbyggjar. På samferdselsområdet vil omsyn til trygg skuleveg vere viktig. Vi kan ikkje sjå at kommunen har vurdert ulempane det medfører for det offentlege mot mellom anna skuleskyss og andre offentlege tenester. Det kan vidare strida mot statlege planretningslinjer for bustad-, areal- og transportplanlegging (SPR BATP) som

legg til grunn at utbyggingsmønster og transportsystem skal fremje utvikling av kompakte byar og tettstader og redusere transportbehovet. Utstrekkt løyve til bruksendring av fritidsbustader opnar for eit meir spreidd utbyggingsmønster. Fleire blir avhengige av bil i det daglege og vil trenge skuleskyss. Vi vil i den samanheng påpeke at på grunn av ressursituasjonen må fylkeskommunen så langt det er mogleg samordne skuleskyss. Spreidd bustadbygging kan føre til ulepper i form av lengre reisetid og bytte av transportmiddel underveis.

Ein vurdering av trygg skuleveg og tilrettelegging for utrykkingskøyretøy må som minimum takast inn som eitt av krava i punkt 3.

- Ved etablering av nye bygg aukar etterspurnaden og behovet for trafikksikkerheitstiltak. For å sikre at trafikale løysingar blir vurderte i planlegginga, føreslår vi at det vert sett ei ny føresegn under punkt 4.1 «Ved regulering, og vesentleg utviding av bruk vil trafikkanalyse og trafikale løysingar for alle trafikantgrupper krevjast som grunnlag for saksbehandling». Ved å innarbeide føresegn under punkt 4.1 vil denne vurderinga gjelde for alle føremål til bygg og anlegg.
- Innlandet Fylkeskommune er positiv til at kommunen har føretatt ei overordna vurdering av behov for næringsareal. Det vert vurdert å vere lite behov for A- og B-areal i planperioden. Når det gjeld C-areal for støyande/forureinande verksemnd til masselager, deponi mv, ser kommunen behov for slike areal innanfor rimeleg avstand til Beitostølen. Det er i plankartet avsett relativt store område for næringsbygg langs fylkesvegen. Næringsbygg omfattar kontor, hotell, overnatting, bevertning, industri-, handverks- og lagerverksemnd, bensinstasjon, vegserviceanlegg. Næringsbygg inkluderer ikkje handel. Føresegn 4.9.1 må endrast slik at det er i tråd med kommunen sine mål og behov for C-areal slik det kjem fram av planen. Dersom det er behov for å leggje til rette for plasskrevjande handel må område avsettast til forretningsføremål og det må angis tydeleg kva som tillatast. Adkomstløysing til næringsareala må avklarast i reguleringsplan.
- Når det gjeld føringane i punkt 5.1 om nye bustader i LNFR-område viser Innlandet Fylkeskommune til vårt brev til kommunane av 7.7.2023 vedrørande dispensasjon. I Vedlegg 2 til brevet kjem fylkeskommunen sine generelle merknader og dei forhold som kommunen må vurdere i slike saker. Sjå også våre merknader til punkt 3 (over) om vurderingar som må gjerast ved dispensasjonsbehandling ved søknad om bruksendring.

I samband med etablering av spreidd bygging er det avgjerande at omsynet til trafikksikkerheit vert vurdert, særleg med tanke på skulevegar. I punkt 5.1 er det krav om helårsveg og at tomter må ligge nær ein busshaldeplass for skulebussen. Det må leggjast til eit tillegg som sikrar at vegen til skulebussen og ventelassen også er trafikksikker. Innlandet Fylkeskommune understrekar at føresegnene i PBL § 19-1 må vere oppfylte for at dispensasjon kan gjevast.

- Innlandet Fylkeskommune ber om at merkinga av byggegrenser blir fjerna frå plankartet. Innlandet Fylkeskommune er elles positive til at kommunen har inkludert Vegnettsplanen for Innlandet som retningslinje i kommuneplanen i pkt. 7. Vegnettsplanen inneheld retningslinjer for byggegrenser og avkjørsler.

Nye veglinjer viste på plankartet skal sjåast på som ikkje-bindande illustrasjonar og må endeleg avklarast.

Klima, miljø og naturmangfold

Vi viser til innspel til varsel om oppstart datert 07.01.2022. I innspelet ble det peikt på

viktinga av å implementere regional vassforvaltningsplan, byggjeforbodssoner og bevaring av kantsoner. Vi stiller oss positive til at regional vassforvaltningsplan er inkludert i lista over regionale føringer, og at det er inkludert ei føresegn om at alle tiltak skal vurderast opp mot miljømål fastsett i vassforvaltningsplanen og vassforskrifta. I tillegg er det bra at det er fastsett eit forbod mot bygging og inngrep i kantsona nærmare enn 10 meter, ettersom kantsoner utgjer ein svært viktig funksjon for vassmiljøet.

Vi merkar oss at det i gjeldande arealdel er fastsett ei byggeforbodssone på 30 meter, som i ny arealdel er teke bort, det er svært uheldig. Ny arealdel har følgande formulering «*Innanfor noverande byggeområde eller LNF-areal for spreidd bustad-, fritids-, eller næringsbygg m.m. kan nye bygg, konstruksjonar og anlegg ikkje plasserast nærmare vassdrag enn eksisterande bygg og anlegg (...)*». Formålet med byggeforbodssoner til vassdrag er å sikre den allmenne tilgangen til strandsona og vassdraget, samt vareta verdiar knytt til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og biologisk mangfald i vassdragsnære område. Ettersom det fleire stader er eksisterande infrastruktur tett på vassdraga, vil vi sterkt oppfordre til å fastsette tydelege byggjeforbodssoner i arealdelen. Dette for å unngå at det blir opna opp for utviding av infrastruktur tett på vassdraga, noko som vil resultere i økt aktivitet og påverknad på vassmiljøet. Byggjeforbodssonene kan vere ulike for større og mindre vassdrag. Ideelt sett ser vi at det blir avsett 100 meter til verna og større vassdrag og 50 meter til mindre vassdrag. Vi ber kommunen sterkt vurdere å vidareføre ei fastsett byggjeforbodssone.

Vi visar til tidlegare innspel rundt bruksendringar og at fritidsbustader kan gjerast om til heilårsbustader, og korleis dette kan resultere i økt belastning på natur- og dyreliv som følge av menneskeleg aktivitet. Det står i føresegndene og retningslinjene at «*Fritidsbustaden kan bli tilkopla offentleg vatn- og avlaupsnett eller utsleppsløyve for separat avlaupsanlegg tilpassa heilårsbustad kan bli gjeve. Vatn og avlaup skal vere sikra i samsvar med PBL §§27-1 og 27-2.*» Det bør vere eit krav om undersøking av gjeldande/eksisterande VA-anlegg før endring frå fritidsbustad til heilårsbustad blir godkjent, for å sikre at anlegget har god nok kapasitet og reising. Vi stiller oss kritiske til forslag og formuleringar som kan bidra til auka mengde spreidd avløp i kommunen, ettersom det allereie er fleire sårbare resipientar knytt til område for fritidsbustader. Det bør i tillegg vera eit krav om å vurdera kapasiteten til resipienten for mottak av avløpsvatn ved etablering av nye fritidsområde og ved bruksendring.

For internnummer 13b (gjeldande g/bnr 7/10) så er det i arealdelen foreslått å gjere om arealet frå LNFR til næringsområde. Dette vil påverke ein trekkveg for elg. Dette er ein eldre registrering, frå år 2000, og det er mogleg for elgen å nytte areala lenger nord i staden. Likevel gjer vi oppmerksam på forholda, og ber kommunen inkludere nemne i vurderinga.

Kulturarv

I fylkeskommunens uttale til varsel om oppstart av kommuneplanens arealdel ble det framheve at det var viktig at kulturlandskapet av nasjonal interesse ved Vinstra som ble vedtatt i 2022 ble innarbeida med omsynssone med tilhøyrande retningslinjer i den nye arealdelen, samtidig som vi forutsette at dei kulturmiljøomsyna som var innarbeidt i gjeldande planverk blei vidareført i den nye arealdelen. Videre ble det framheve som veldig positivt at Øystre Slidre hadde vedtatt ein egen kulturmiljøplan og at det ville bli utarbeida omsynssoner i KPA med tilhøyrande føresegn og retningslinjer.

Øystre Slidre kommune har jobba godt med å sikre kulturmiljø og kulturlandskap i planen, men vi har enkelte fråsegn til avgrensing og til ordlyd i føresegn og retningslinjer.

De ulike omsynssona etter pbl § 11-8 c i planforslaget gjeld med anna Kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse Vinstra, omgivelsene til middelalderkyrkje, listeførte kyrkjer med omgivelser og mange kulturmiljø frå kulturminneplanen. Innanfor dei ulike kulturmiljøa er det ulike omsyn som skal takast vare på og tilleggas vekt ved avgjerd om tiltak innanfor

dei ulike sonene. Vi vil derfor anbefale at 9.1 Omsynssone kulturmiljø får et eget punkt som gjeld kyrkjene og deira omgivelser. Vi har forslag til retningslinjer til disse omsynsonene i vedleggsdelen.

Når det gjeld kulturlandskap av nasjonal interesse Vinstre ser vi at arealet er lagt inn i kommuneplanens arealdel, men det kan sjå ut som om avgrensinga avviker noko frå den som er lagt inn i Askeladden. Vi ber om at omsynssonene i kommunens kart får same avgrensning som i Askeladden. I Askeladden ligg det også eit forslag til retningslinjer for kulturlandskapet som kan vurderast av kommunen.

De forskriftsfreda bygga på Løken forsøksgard som er bygg i vernekasse 1 i verneplan i Landbruks-og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk er markert som bandlagt etter lov om kulturvern i kartet. I same verneplan er veksthusa med Askeladden ID 16013-13 og 14, samt bustad, fjøs og stabbur på Tinden med Askeladden ID 16013-16, 17 og 18 bygg i vernekategori 2.

Bygg i vernekasse 2 er ikkje foreslått freda etter kulturminnelova, men er i kraft av landsverneplanen og i medhald av kongeleg resolusjon underlagt et sjølvpålagt statleg vern og bør markerast med omsynssone etter pbl § 11.8 c med tilhøyrande retningslinjer. Omsynssone etter plan- og bygningsloven er det beste verktøyet for vern, og vi ber om at Øystre Slidre legg inn omsynssone på desse byggmiljøa.

Automatisk freda kulturminne

I desember 2023 vart det i Valdres-kommunane lagt inn eit svært stort tal automatisk freda kulturminne som ikkje var registrerte tidlegare, i den nasjonale kulturminnedatabasen "Askeladden". Desse kulturminna, som i stor grad omfattar kolgrøper og jernframstillingsanlegg, vart registrerte basert på høgdedata (LIDAR). Ein stor mengd kulturminne vart registrerte i Øystre Slidre kommune. Dette har ført til at det no på kart over kommunen er markert mange fleire automatisk freda kulturminne enn det som var tilfelle før desember 2023. I planframlegget er automatisk freda kulturminne berre unntaksvist vist i plankartet. Etter masseinnlegginga av kulturminne ser vi at det kan være uhensiktsmessig å legge inn alle kulturminna i plankartet på kommuneplannivå då dei kan forringe kartets lesbarheit. Det bør imidlertid vurderast å legge inn dei viktigaste kulturmiljøa som består av automatisk freda kulturminne, til dømes eventuelle kulturminne/kulturmiljø som er teke med i kommunens kulturminneplan.

Masseinnlegginga av kulturminne har òg medført at det no finst automatisk freda kulturminne som ikkje var registrerte tidlegare innanfor gjeldande reguleringsplanar. Dette gjeld spesielt for eldre planar. Det er viktig at kommunen er merksam på dette ved framtidige tiltak. Det er vidare viktig at planar ved reguleringsendringar oppdaterast ved at tidlegare ikkje kjende kulturminne integrerast og avklarast i høve til vern eller dispensasjon frå kulturminnelova. Innafor nye utbyggingsområde avklarast forholdet til automatisk freda kulturminne i løpet av reguleringsplanprosessen.

Føresegner og retningslinjer

1.1 i andre avsnitt står det at «Enkelte kjente kulturminne er markerte som bandleggingssone i plankartet. Kommunen skal ivareta viktige kulturminne og kulturmiljø gjennom si sakshandsaming.»

I denne samanhengen er det viktig å skile mellom kulturminne som er freda etter kulturminnelova, og det som eventuelt må sikrast gjennom plan- og bygningslova. Slik det står nå er det de freda kulturminna som blir omtalt, og dei har allereie et vern.

Freda kulturminne skal markerast med omsynssone d) Bandlagt etter kulturminnelova. Dette gjeld både vedtaksfreda og forskriftsfreda bygningar og automatisk freda kulturminne frå før 1537 slik det visast til i 8.1.

I desse sakane det er det anten kulturarv i fylkeskommunen eller Riksantikvaren som er rette myndighet.

9.1.3 Byggverk eller anlegg som er oppført før 1850 bør flyttast til generelle føresegner, og ikkje ligge under omsynssoner, då det gjeld alle områda i kommunen.

For 9.1.1 «Eksisterande bygningar» bør siste setning bli endra til:

Søknader om byggjeløyve eller dispensasjonssaker i saker som gjeld bygningar oppført før 1900 (SEFRÅK-bygg) som ligg innanfor en omsynssone eller som kommunen vurderer som verneverdig skal sendast til Innlandet fylkeskommune, kulturarvavdelinga, til fråsegn.

Når det gjelder omsynssona til dei listeførte kyrkjene og deira omgivnader bør teksten presisere at kyrkjene er listeført (verneverdig med nasjonal verdi), og at alle tiltak skal forelegges Riksantikvaren som kulturminnemyndighet. Det kan gjerne refererast til rundskrivet Q-06/2020 Forvaltning av kyrkje, gravplass og kyrkjenes omgivnader som kulturminne og kulturmiljø.

Rundskrivet seier: «*Dersom det skal settes i gang tiltak på disse kirkene som går ut over vanlig vedlikehold, skal saken forelegges Riksantikvaren til uttalelse før kirkens godkenningsorgan treffer sin beslutning, jf. kirkebyggforskriften § 4.*»

Alle nye tiltak i de listeførte kyrkanes nærområder skal handsamast av fylkeskommunen jf. lov om tros- og livssynssamfunn, med kirkebyggforskrift og rundskriv Q-06/2020.

Etter gravplassloven § 4 første ledd skal anlegg, utviding, nedlegging eller anna vesentleg endring av gravplass og bygg på gravplass forelegges Statsforvalteren i Vestfold og Telemark for godkjenning. Der slike tiltak gjelder uteområder ved listeførte kyrker, skal Statsforvalteren i Vestfold og Telemark før eventuell tillatelse gis, innhente uttale frå rette kulturmiljømyndighet, som her er Innlandet fylkeskommune.

Summert opp

- Fylkeskommunen fremmer **motsegn** til nye bygg- og anleggsformål inntil dei er godt nok utreda.
- Fylkeskommunen er oppteken av at føresegner og retningslinjer til kommunen si arealplan reflekterer trafikktryggleik, tilrettelegging for gåande og syklande, kollektivtrafikk, samt tilrettelegging for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Fylkesveg 51 går gjennom kommunen, og som vegforvaltar og eigar av fylkesvegane i Innlandet er vi særleg oppteken av trafikktryggleik for mjuke trafikantar og at dette blir følgd opp i påfølgjande utvikling.
- I samband med overordna transportplanlegging der det skal leggjast vekt på løysingar som fremjar kollektivtransport, sykkel og gange, er det utfordrande at mesteparten av veksten skjer på Beitostølen medan offentlege funksjonar i hovudsak er lokaliserte i kommunenesenteret. Fylkeskommunen saknar ei nærmare drøfting av konsekvensane for kommunen.
- Fylkeskommunen ser at Øystre Slidre kommune har jobba godt med å sikre kulturmiljø og kulturlandskap i planen, men ber om at kart, føresegner og retningslinjer blir justerte i tråd med våre innspel.
- Fylkeskommunen har ei sterk oppmoding om å vidareføre gjeldande sone for byggeforbod mot vatn og vassdrag.

Vi oppmodar til dialog for å kome fram til ei løysing som førar planen vidare.

Med vennleg helsing

Wibeke Børresen Gropen
Avdelingsleder, samfunnsutvikling

Kristin Ryen Reithaug
Seksjonssjef, plan

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendast utan signatur.

Kopi til:

STATENS VEGVESEN LILLEHAMMER KONTORSTED
STATSFORVALTEREN I INNLANDET
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) REGION ØST